

Til naboar og høyringsinstansar

Stord, 05.03.2024

Avdeling Os

Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70
post@abo-ark.no

Avdeling Stord

Torgbakken 9
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 90 66 16 31
poststord@abo-ark.no

**Melding om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentlig høyring –
Detaljregulering for Røysaneset industribase - Høylandsbygd, 202/140 mfl.
Kvinnherad kommune, Plan-ID 20230002**


Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at oppstart av arbeid med detaljregulering for Røysaneset industribase. Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Røysaneset Industribase AS og Halsnøy Industribase AS.

Det vart halde oppstartsmøte 03.08.2023, der det var einigheit om at planarbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram. Planprogrammet vert saman med varsel om oppstart sendt på høyring, jf. pbl § 12-9. Dette finn de på kommunen og ABO sin nettstad; <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>.

Lokalisering, planstatus og føremål

Planområdet ligg i Høylandsbygd, på Halsnøy i Kvinnherad kommune. Planområdet er lokalisert aust for Sæbøvik, som er sentrum på Halsnøy, og sør for Husnes sentrum. I kommuneplanens arealdel for Kvinnherad (2018) er landområdet regulert til næringsføremål (BN79), bustad, hamn, LNF og LNF-spreidd. I tillegg er store deler av arealet synt med bestemmelsesområde #A. Område med #A gir at reguleringsplanar skal gjelda saman med kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til bruk og vern av sjø og vassdrag, samt Ferdsl (VFE11-12). Deler av planområdet er omfatta av reguleringsplanen Slettaneset, Høylandsbygd, del av bnr. 202, vedteke 10.01.1980. Landområdet er regulert til industri (skipsbyggeri), friluftsområde og bustadføremål langs tilkomstvegen.




Oversiktskart som viser lokalisering av planområdet og utsnitt av kommuneplanens arealdel.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for næring i form av maritim industri. Det har vore aktiv industridrift på området sidan 1970-talet. Det er planar om å vidareføre dagens aktivitet på området, samt utvide og foredle anlegga og aktiviteten. I dag er området nytta til ulike typar maritime tenester, der m.a. Halsnøy Dokk, Tronds Marine Service og Elektroen AS er etablert med skipsverft, industribase, verkstad, lager og kontor. Dei seinare åra har det blitt rydda opp på området, og det er lagt langsiktige planar for utvikling og drift. I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel er det spelt inn utvida arealbruk til næring samt ferdsel/hamn ut i sjø. Deler av dette innspelet er teke inn i høyringsforslaget til ny kommuneplan (føremåla næring og ferdsel). Dette gir signal om at utviklinga av området er ønska i frå kommunen.

Avgrensing

Planområdet er 507 daa, og omfattar følgjande eigedomar:

gnr. 202 bnr. 1, 2, 8, 11, 15, 19, 20, 28, 29, 33, 34, 35, 36, 38, 44, 48, 49, 50, 52, 53, 54, 55, 56, 57, 62, 66, 67, 68, 73, 96, 107, 120, 132, 140, 141, 142 og 148. Det er berre eigedomane gnr. 202/33, 38, 132, 140, 141 og 142 som skal regulerast til i til næringsføremål. Plangrensa omfattar berre deler av dei andre eigedommane, og er med grunna kommunalt krav om utbetring av vegføremål, samt for å sikre siktforhold. Plangrensa vil kunne verta redusert til å berre omfatte areal som det er trong for å regulere som del av planarbeidet.



Illustrasjon planavgrensing

Om konsekvensutgreiing og planprogram

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, og vil vera omfatta av konsekvensforskrifta sin § 6 *Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding*. Framlegg til planprogram, som her vert lagt ut på offentleg ettersyn, er å finne på kommunen og ABO sin nettstad.

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 1-4 og forskrift om konsekvensutredning. Planprogrammet skal beskrive bakgrunn, innhald og framdrift, samt plan for medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Vedteke planprogram skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å klargjera verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Utgreiinga skal sikre at desse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt med vilkår om avbøtande tiltak.

Saksdokument og merknadar

Oppstartsmelding, planinitiativ, referat frå oppstartsmøtet med kommunen, samt framlegg til planprogram finn de på kommunen sine nettsider/planregisteret, samt på ABO sin nettstad:

<https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>.

I samband med innspelsperioden vert det arrangert ope folkemøte. Føremålet med møtet er å informere om arbeidet og få innspel til det vidare planarbeidet. **Folkemøtet vert arrangert 11. april 2024 kl. 1700**, kantina i administrasjonsbygget til Tronds Marine (Røysanesvegen 18).

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet og planprogrammet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no / turid@abo-ark.no Innan høyringsfristen: **22.04.2024**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar og innspel til kommunen - dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Vidare arbeid

Etter at fristen for merknadar er gått ut vil ABO bearbeide planprogrammet, som skal fastsetjast av kommunen. Dei som har kome med merknadar til planprogrammet skal gjerast kjende med det fastsette planprogrammet.

ABO vil så utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale med konsekvensutgreiing, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for handsaming. Etter 1. gongs politisk handsaming vert planframlegget sendt på ny høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Turid Verdal

Vedlegg

1. Planavgrensing
2. Planprogram
3. Planavgrensing med førebels vegteikning